

Januar 2025

**NYTT  
BEKKEINNTAK I  
KAMBABEKKEN**

**Detaljplan for miljø  
og landskap**

Henvising til figurer, tabeller og vedlegg .....	3
Samandrag .....	3
1. Innleiing .....	3
1.1 Bakgrunn for tiltaket .....	3
1.2 Om Målset kraftverk .....	4
2. Om tiltakshavar .....	4
3. Beskrivelse av tiltaket .....	5
3.1 Lokalisering av tiltaket .....	5
3.2 Gjennomføring .....	5
3.4 Arealbruk .....	7
4. Framdriftsplan .....	8
5. Forholdet til myndigheter etter anna lovverk .....	8
5.1 Plan- og bygningslova .....	8
5.2 Naturmangfaldlova .....	8
5.3 Kulturminnelova .....	8
5.4 Forureiningslova .....	9
6. Tilhøvet til andre interessentar .....	9
6.1 Grunneigarar og husdyrhald .....	9
6.2 Tamdyrnæringa .....	9
6.3 Friluftsliv .....	9
7. Utgreiingar, problemområde og avbøtande tiltak .....	9
7.1 Ny arealbruk .....	9
7.2 Generell beskrivelse av arrondering og restaurering av vegetasjon og terreng .....	9
7.3 Beitedyr .....	10
8. IK-vassdrag .....	10

## [Henvisning til figurer, tabeller og vedlegg](#)

### Figurer

Figur 1. Oversiktskart som viser tunnelsystemet mellom Feiosdalsvatnet og Målset kraftverk .....	6
--	---

### Tabeller

Tabell 1. Om tiltakshavar.....	4
--------------------------------	---

### Vedlegg

Vedlegg 1 - Grunneigar og interessentliste

Vedlegg 2 – Situasjonsplan

Vedlegg 3 - Arealbruksplan

## Samandrag

Statkraft Energi AS skal bygge nytt bekkeinntak i Kambabekken, som fører vatnet frå småbekkar inn på vassvegen til Målset kraftverk. Bekkeinntaket er påkopla overføringstunnelen mellom Feiosdalsvatnet og Muravatn og vidare til Målset kraftverk. Oppgraderinga av inntaket er etter kvart nødvendig med hensyn til tilstanden på den eksisterande betongkonstruksjonen frå midt på 1960-talet, og ikkje minst å få ein betre utskiljing av sediment som ikkje bør hamne i tunnel systemet. Inntaket ligg på ca. kt. 1080, og ny konstruksjon er noko større enn den eksisterande med betre system for sandfang og utspyling.

Arbeidet er planlagt gjennomført i april-oktober2025. Statkraft vil kontakta alle grunneigarar og orientera om arbeida og leggja ved denne planen i god tid før oppstart.

## 1. Innleiing

### 1.1 BAKGRUNN FOR TILTAKET

Det er i dag ikkje tilfredsstillande oppsamling av sediment i eksisterande inntak. Statkraft har oppgradert nesten alle bekkeinntak på Vikafjellet for at ikkje vassvegane skal fyllast opp med sediment frå elvane. Sjølve inntaket er lite synleg for allmenta, det ligg om lag 1,3 km. i luftlinje frå gamle tippen i Vikjadalen. Området inntaket ligg i er lite brukt til friluftsliv.

## 1.2 OM MÅLSET KRAFTVERK

Målset kraftverk ligg i Vik kommune i Vestland fylke. Kraftverket utnyttar fallet på 197 meter mellom Muravatnet og Målsetvatnet, vekselvis 131 meter mellom Årebotnvatnet og Målsetvatnet. Målset kraftverk har ein Francisturbin på 23,5 MW.

## 2. Om tiltakshavar

Tiltakshavar er Statkraft Energi AS. Kraftanlegga Vikfalli er eigd av Sognekraft AS (12%) og Statkraft Energi AS (88%). Statkraft Energi AS driftar anlegga etter avtale med Sognekraft og er difor her tiltakshavar.

Desse selskapa er konsesjonær for reguleringskonsesjonen av 27 juni 1969 for Arnafjordvassdraget.

Tabell 1. Om tiltakshaver.

<b>Tiltakshaver</b>	Statkraft Energi AS	Tlf. 24 06 70 00
<b>Kommune</b>	Vik kommune	
<b>Fylke</b>	Vestland fylke	
<b>Konsesjon</b>	Kgl.res. av 27. Juni 1969	
<b>Tiltakets navn</b>	Nytt bekkeinntak Kambabekken, Vikjadalen	
<b>Organisasjonsnr.</b>	NO-987 059 729	
<b>Adresse</b>	Postboks 200 Lilleaker	
	0216 OSLO	
<b>Kontaktinformasjon, søknadsfase</b>	Prosjektleder: Roar Lund	991 54 835
<b>Kontaktinformasjon, byggefase</b>	Vedlikeholdsleder: Per Bjarte Noss	905 53715
	Byggeleder: Nils Ove Fosse	907 00 604
	Fagkompetanse miljø/landskap: Marte Veivåg Aase	930 59 368
<b>Kontaktinformasjon, driftsfase</b>	Kraftverksjef: Inge Hass	415 18 899
	Fagkompetanse miljø/landskap: Marte Veivåg Aase	930 59 368

## 3. Beskrivelse av tiltaket

### 3.1 LOKALISERING AV TILTAKET

Kambabekken (ca. 1080 moh) ligg i Vikjadalen i Vik kommune. Vatnet er påkøpla vassvegen mellom Feiosdalsvatnet og Muravatnet og går vidare til Målset kraftverk. Bekkeinntaket er veglaust, avstand til anleggsveg på tippet er ca. 1,3 km. i luftlinje. Alt av utstyr, materiell og betong må fraktast med helikopter frå tippet.

### 3.2 GJENNOMFØRING

Prosjektets hovedoppgaver kan listes slik:

- ✓ Inntransport av spisebrakke til området ved bekkeinntaket
- ✓ Riggplass på tippet
- ✓ Inntransport av liten gravemaskin, utstyr, materiell til anleggsområdet
- ✓ Pigging av fjell for tilpassing til ny konstruksjon
- ✓ Forskaling, armering og utstøyping
- ✓ Montering av ny grovrister
- ✓ Nedrigging og oppussing
- ✓ Uttransport med helikopter


### 3.3 BYGGING AV BEKKEINNTAKET

Inntaket ligg veglaust ca. 1 km. i luftlinje frå tippet. Frå rigg/mellomlager på tippet blir materiell og utstyr frakta med helikopter til anleggsplassen i Kambabekken. Innflyging av 35 m<sup>3</sup> betong, ca. 115 turar frå tippet, utgjer størstedelen av aktiviteten med helikopter, 8-12 tonns gravemaskin til riving av eksisterande betongkonstruksjon og pigging av berg til ny konstruksjon blir frakta inn på snøen. Uttransport blir i terrenget. Her skal det nyttast skytematter som maskina beltar på for å skåne terrenget.


Etter innflyging av utstyr blir fyrste del av prosjektet å fjerne eksisterande betong konstruksjon. All eksisterande betong skal flygast ut. Prøver viser forureining av PCB og Cr6+. Videre pigge/sprengje berg for tilpassing til ny konstruksjon. Deretter vil bygging av nytt inntak starte, med forskaling, armering, støyping og til slutt montering av rister og tappeventil. Illustrasjonen under viser ferdig inntak.

Det blir etablert helikopter landingsplassar ved inntaket og på tippet for transport av eventuelle skada personar. Etter at anlegget er ferdig skal helikopterplassen tilpassast terrenget.

3D illustrasjon av inntaket



3D Perspektiv



Figur 1. Oversiktskart som viser tunnelsystemet mellom Feiosdalsvatnet, Muravatn og Målset kraftverk.

### 3.4 AREALBRUK

For gjennomføring av tiltaket blir det meir arealbruk enn no grunna større inntakskonstruksjon samt etablering av deponi for sediment og sprengstein.

Permanente inngrep utover eksisterande er i tillegg til større inntak, sprengstein (8-12 m<sup>3</sup>) for plassering av inntaket samt deponi av sediment. Det er anslått 7 m<sup>3</sup> sediment i året som blir lagt i deponi rett ved inntaket. Mengde sediment pr. år er målt opp ved tømning av tunnelen i 2022 der ein delte mengde med antal år sia tunnelen var tømt sist.

Det nye inntaket har plass til ca 50 m<sup>3</sup> masse. Med gjennomsnittleg 7 m<sup>3</sup> i året vert det nødvendig å tømme inntaket kvart 7. år. Det skal brukast gravemaskin som beltast inn og ut på skytematter.

Det skal også monterast tappeventil ved inntaket. Dette er heilt nytt, og kan nyttast til å spyle ut sediment. Dette er avhengig av stor vassføring for å fungera. Det vil vera sjeldan vassføringa vil vera stor nok til å spyle ut alle sedimenta. Men det som er nær ventilen blir alltid spylt ut. Vi går ut frå at vi med hjelp av den nye tappeventilen kan auke intervallet for tømning frå 7 til 10 år.

Midlertidige inngrep for rigg og betongarbeider i samband med etablering av nytt bekkeinntak blir begrensa då all transport av materiell, byggevarer og betong blir frakta inn med helikopter.

Rigg/mellomlager på «tippen» blir brukt for inntransport av utstyr, byggevarer og betong. Her blir det minimale midlertidige inngrep då utstyr og byggevarer blir lagt på bakken før utflyging.

Alle spor etter dei midlertidige inngrepa vil bli fjerna etter at bygging av nytt inntak er avslutta.

I dag har Statkraft avtale med grunneigarane på 200 m<sup>2</sup> tomt, men med større inntakskonstruksjon og planlagt deponi for sediment vil Statkraft gå i forhandlingar om å utvide tomta til 2000 m<sup>2</sup>, ref. teikning 101 *Situasjonsplan*.

Sjå kap. 7 for detaljar om arealbruk og arrondering.

## 4. Framdriftsplan

Anleggsarbeida skal etter planen starte opp i april 2025, forutsett at alle nødvendige avklaringar er på plass. Anleggstida vil etter planen vare i ca. 5 månader inkl. opprydding på bygg- og riggplassen.

## 5. Forholdet til myndigheter etter anna lovverk

### 5.1 PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Tiltaket er unntatt byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven, jfr. forskrift om byggesak § 4-3 første ledd (byggesaksforskrifta).

Konsesjon etter vassdragsreguleringsloven er sjølvstendig grunnlag for å gje dispensasjon frå planer etter plan- og bygningslova for arealbruk godkjent i detaljplan og i medhald av konsesjonen.

### 5.2 NATURMANGFALDLOVA

NVE og Statsforvaltaren vil vurdere detaljplanen etter kriteria i naturmangfaldlova.

Området er ein del av Fjellheimen villreinområde og i følge fylkesatlas ligg inntaket i vinterbeitet, kalvingsområde og trekkområde for villreinen. Trekkområde for villreinen går nord-sør frå Steinbotn gjennom Vikjadalen til Leirbotvatnet, sjå skravur på teikning 101 *Situasjonsplan*. Sjølve tiltaket vil ikkje bryte opp trekkpassasjane, men ved tømning av sandfanget må ein belte inn ei mellomstor gravemaskin (8-12 t.) til jobben. Gravemaskina skal då beltast på skytematter for å skåna terrenget så mykje som råd, og det skal ikkje gravast i traséen. Omtrentleg trasè for transport av gravemaskin er innteikna på 101 *Situasjonsplan*. Deponi for sediment skal utformast slik at det ikkje blir bratte skrentar som dannar vandringshinder for villreinen.

Det er ikkje registrert verneområde eller viktige naturtypar i miljødirektoratets database som vert påverka av tiltaka.

### 5.3 KULTURMINNELOVA

I følge riksantikvaren sin database «Kulturminnesøk» er det 190-200 meter nord-vest av bekkeinntaket registrert kulturminne, «Kamben/Kjøtgjømme» som er i kategorien arkeologisk minne. Kulturminne kjem ikkje i konflikt med tiltaket.

For øvrig gjeld den generelle aktsemdsplikta i kulturminnelova § 8, dvs. at dersom det i anleggsperioden avdekkast moglege funn av kulturminne, skal fylkeskommunen straks varslast og arbeidet inntil vidare stansast.



#### 5.4 FORUREININGSLOVA

Prosjektet har ingen aktiviteter som krev utsleppsløye. Det vil bli stilt krav til entreprenørar om tiltak for å hindre ureining i samband med anleggsdrifta. Alt avfall vil bli transportert ut til godkjend handtering/deponi.

## 6. Tilhøvet til andre interessentar

Sjå vedlegg - 1 Grunneier- og interessentliste.

#### 6.1 GRUNNEIGARAR OG HUSDYRHOLD

Direkte berørte grunneigarar, husdyrdrift og nære grannar blir orientert om tiltaket pr brev.

#### 6.2 TAMDYRNÆRINGEN

Det beitar sauer i området. Tiltaket har minimal påverknad for beitedyr med aktivitet på eit begrensa område. Sjå pkt. 7.3 for beskrivelse av avbøtande tiltak.

#### 6.3 FRILUFTSLIV

Området inntaket ligg i er kategorisert som svært viktig friluftsområde. Statkraft sine aktiviteter vil i liten grad vere forstyrrende for friluftslivet. Området er lite brukt av fotturistar og det er ikkje oppmerka stiar her innerst i dalen. For fotturistar mellom Vikjadalen og Svelgavatnet/Muravatnet er terrenget slik at det naturleg å passere sør for inntaket.

I området på tippet der det er tenkt å etablere rigg/mellomlager vil tiltaket truleg leggja beslag på 2 parkeringsplassar for personbilar. I nærområdet er det parkeringsplassar på stølen nedanfor, og parkeringsplassar i innkøyringa på tippet ved tverrslaget. Tiltaket har såleis liten betydning for parkering for turgåarar.

## 7. Utgreiingar, problemområde og avbøtande tiltak

#### 7.1 NY AREALBRUK

Det nye bekkeinntaket legg beslag på meir areal enn det eksisterande. I overskjønn datert 10. juni 1974, takst nr. 37, vart det erverva 200 m<sup>2</sup> grunn til eksisterande inntak. Nytt inntak er større, og Statkraft ynskjer å auka arealet til 2000 m<sup>2</sup> gjennom forhandling med grunneigarane. Sjå pkt. 3.4 Arealbruk for beskrivelse.

#### 7.2 GENERELL BESKRIVELSE AV ARRONDERING OG RESTAURERING AV VEGETASJON OG TERRENG

Tiltaket vil bli pålagt å bruka så lite areal som mulig rundt inntaket ved etablering av ny konstruksjon. På areal til midlertidig bruk vil det bli lagt vekt på minimum skade. Statkraft vil retta opp alle skader slik at terrenget blir som før. Prinsippa om naturleg revegetering vil bli lagd til grunn for arbeidet. Det er truleg behov for å frakta inn ei lita beltegåande gravemaskin (8-12 tonn) til anleggsområdet. I so fall blir det brukt skytematter under belta for å unngå skade på terrenget. Trasé for belting av gravemaskin er vist på teikning 101 Situasjonsplan.

Nødvendig pigging/sprenging av berg for plassering av nytt inntak, anslagsvis 8-12 m<sup>3</sup>, er tenkt plassert opp etter betongvange mot sør-aust, dette vil visuelt dempe betongkonstruksjonen i terrenget.

### 7.3 BEITEDYR

Anleggsområdet skal i byggeperioden gjerdast inn for å hindra skade på beitedyr.

## 8. IK-vassdrag

Vassdragsanlegget er omfattet av Statkrafts internkontrollsystem for vassdragsanlegg, jfr. "Forskrift om internkontroll for å oppfylle lov om vassdrag og grunnvann" av 28.10.2011.

Systemet skal sikre at planlegging, utbygging og seinare drift av anlegget skjer i medhald av gjeldande lover og regler. Det vil i forespørsel og kontrakt bli stilt krav til entreprenørens oppfølging av ytre miljø. Dette innebærer blant annet at Statkrafts standard krav for å sikre at miljøhensyn blir ivaretatt.

Det blir utarbeidet sjekklister for systematisk tilsyn i tilknytning til både sikkerhet og miljø for anleggsperioden.

### Vedlegg 1 - Grunneier- og interessentliste.

Gnr.	Bnr.	Navn	Adresse	Tlf	E-post
26	11,27	Else Hove	Hovevegen 141	906 84 593	e_hove@hotmail.com
7	28	Harald Systad	Hovevegen 62	412 43 418	
12	3	Olav Turvoll	Seljadalsvegen 630	979 52 501	olav.turvoll@sogn.no
7	1	Arild Fosse	Seljadalsvegen 355	970 13 892	afo@vikorsta.no
4	25	Asbjørn Myrkaskog	Seljadalsvegen 756	995 97 166	myrkjen@hotmail.com
14	1				

Alle med postadresse 6893 Vik i Sogn.

